

Studentbarnavisa

Nr 4. 2018/2019



Dronning Sol og kong vinter kom på besøk på solfesten i år òg.

Sogndal Studentbarnehage
Dalavegen 10
6856 SOGNDAL
Kontor: 90161334
Måne: 480 31 132
Sol/ Stjerne: 480 64 858
E-post: sogndal.barnehage@sammen.no

Kort om stort og smått

Barnehagedagen

Tysdag 12.mars blir Barnehagedagen 2019 arrangert. Tema er for årets barnehagedag er barnehagens arbeid med barns undring og nysgjerrighet. Under slagordet: «Eg lurar på ...».

I Sogndal studentbarnehage vil me markere dagen ved henge opp dokumentasjon om korleis me undrar oss saman med barna. Alle avdelingane vil i forkant av barnehagedagen ha prosjekt kor ein undrar seg saman med barna. Sjå etter billedokumentasjon frå avdelingane på barnehagedagen og resten av veka.

Akedag

Måndag 11.mars reiser me til Hodlekve for å ake. Som tidlegare vil 1-åringane våre bli att i barnehagen. Me tek med oss mat, drikke, og anna naudsynt utstyr. Me leiger buss denne dagen, og avreise vil bli ca 09.45. Borna må komma i god tid før det. Retur frå Hodlekve vil bli klokka 13.00. For at me skal ha mulighet til å reiset til Hodlekve.

Barna må elles ha gode og varme klede, sjølv om vi håper på sol og fint vær.

Påskefrukost

Det nærmas seg påske, og i år som i fjor inviterar barnehagen til påskefrukost på alle avdelingane. Me vil òg invitera andre gjester / samarbeidspartnerar. Dato for frukosten vil i år vere onsdag 11.April, frå 07.30 – 09.30. Velkommen!

Planleggingsdag og eksamenspass

I juni blir det ein planleggingsdag i barnehagen, og erfaringsmessig blir den i midten/siste halvdel av juni. Ein prøver å leggja planleggingsdagen utanom eksamen. Dersom det likevel skulle skje at nokon av dykk studentar har eksamen på planleggingsdagen må dere gi beskjed til styrar. Då vil me holde barnehagen open for dykk. Elles blir det lagt opp til eksamenspass for studentar slik som tidlegare år.

Praksis

I veke 9 – 13 har både avdeling Sol og Måne 2.klasse barnehagelærerstudent. Helene kjem att på avdeling Sol og Karoline kjem att på avdeling Måne. Begge hadde første del av praksisen sin i haust, og er no tilbake for å ha andre del av

praksis. I denne perioden er det kunnskapsområdet «Samfunn, religion, livssyn og etikk» Studentane skal fordjupe seg i.

Stjerne har no ein elev frå vidregåande som heiter Kristin Eineteig i praksis. Ho er i veke 9 og 10 + nokre måndagar i vekene etterpå.

Nytilsett

01.mars tok Tove Renate Padlesak Hundershagen til i Sogndal Studentbarnehage. Ho skal jobbe i 100% stilling som barnhagelærer på måne no når Katinka er heime i mammapermisjon.

Tove Renate er 45 år og kjem frå Solvorn. Ho er utdanna barnehagelærer med vidareutdanning i spesialpedagogikk. Ho har mykje erfaring frå småskulen og noko frå barnehage. Me gleder oss til å bli betre kjent med Tove Renate.

Anna

- Me minner om at me ALLTID må lukke porten med både kjetting og lås, ved levering og henting. Me har fjerna handtaket på innsida av porten fordi me opplevde ved nokre høver at barna opna porten sidan lenka ikkje var festa på. Dersom det vert ei utfordring med at lenka ikkje blir festa vil barnehagen måtte bytte opne og lukkemekanisme for å sikre barna. Hugs derfor lenka!!
- Me ynskjer at uteklede blir tatt med heim på fredagar for å bli vaska. Blir alt av uteklede (dress, regntøy, vottar) tatt med heim, blir det mykje lettare for reinhaldspersonalet å få vaska i garderoben.
- Så langt det er råd, ynskjer me at de som har bil parkerar på parkeringsplassane, når de bringar og hentar.
- Dersom nokon har problem med Mykid, eller det er noko du lurar på kan du ta kontakt med avdelinga eller styrar. Det meste av informasjon kjem no ut via Mykid.

*Helsing Styrar
Benedikte*

Måne

Evaluering januar og februar

Inkluderande leikemiljø

Inkluderande leikemiljø er eit tema som har hatt stort fokus hjå oss på Måne. I denne perioden har me fortsatt med å dele barna i mindre grupper. I gruppene har me fokusert på leik der me øver på positive sosiale handlingar. Eit eksempel er aktiviteten me har hatt i akebakken. Her hjelper me kvarandre for å komme opp, og tek hensyn når me skal ned. Me må vente på tur, samtidig som at me må hevde oss og stå på «rettane» våre. Me samarbeider og inkluderer kvarandre, og viser stoltheit når me kjenner på meistringskjensla. Dette er eit tema me ha jobba mykje med heilt sidan i haust, og barna har hatt ei fin utvikling.

Eventyr

I januar var det eventyr som var tema. Eventyr er ein viktig forteljartradisjon som er med på å gi næring til språket og leiken. Me delte barnegruppa etter alder og modning - blå og raud gruppe, og dei jobba med ulike eventyr. Blå gruppe las og dramatiserte eventyret «Geitekillingen som kunne telle til ti». Raud gruppe jobba med «Dei tre små grisane». I utgangspunktet skulle denne gruppa jobbe med to ulike eventyr, men me fann ut at det vart mest praktisk med eit eventyr. Då vart et «Dei tre små grisane». Me har formidla eventyra med ulike metodar; høgtlesing, bruk av flanellograf, film og dramatisering. Desse eventyra har me ikkje jobba so mykje med tidlegare, men det var tydeleg at barna hadde kjennskap til dei frå før. Me starta tidleg å øve på rollane, der barna fekk prøve ut litt forskjellig. Litt sjukdom og fråfall var det fram mot den store premieren, so litt nokre rollebyter på premieredagen. Det tok me på «strak arm»☺

Å formidle eventyr på ulike måtar, er spanande både for dei som formidlar og for dei som skal høyre på. Barna har vist stor interesse for det, og syns det er moro. Barna lærer seg å lytte og reflektere rundt handlinga i dei ulike eventyra, og me ser det att i rolleleiken. Flinke skodespelarar som har hatt ei fin utvikling og trer fram meir enn vanleg. Vi vart òg invitert på eventyrframsyning på Sol, der barna på Sol/Stjerne dramatiserte «Skinnavotten» og song bukkene bruse songen. Dette var ei flott oppleving.

Vinter

No når januar og februar er over, kan me sjå tilbake på ein kort vinter med mykje aktivitet. Akebakken har vore flittig i bruk, og det har vorte sett ny lengderekord – heilt bort til huskestativet! Me har mange skiglade barn på Måne, som har gått mykje på ski. Dei har utfordra seg sjølve frå å gå på flata til å prøve seg i bakken ved sida av Sol, med stort hell. Her har meistringskjensla vore stor 😊

Solfest

Solfesten vart i år feira med dramatiseringa om Dronning Sol som jaga Kong vinter opp på fjellet, fargefest, sambatakter og Sola ut av sekken. Dronning Sol gjorde jobben sin og skein for oss det meste av dagen. Me hadde ein strålende dag 😊

Samefolkets dag

Samefolkets dag var 6. februar. Me markerte dagen med ei lita prosjektveke der me teikna sameflagget, såg film, laga bilde der me klipte ut samedrakt, sølje og skaller og satte det saman til same jenter og samegutar. Me har hatt utstilling med bilder, reinsdyrhorn og reinsskinnveske. Sjølve dagen markerte me i lavvoen, der me varma oss med varm saft og joik 😊



Bursdag

Denne perioden har me feira Hilde 4 år, Johan 4 år, Ingrid 3 år, Signe 3 år og Anna 3 år 😊

Planar for mars og april

Psykisk helse

«Psykisk helse blant de yngste barna dreier seg om kapasiteten barna har til å oppleve, regulere og uttrykke følelser, samt utvikle nære og trygge relasjoner, utforske omgivelsene, og å lære.» May Britt Drugli, professor og forskar NTNU.

Gjennom kvardagen i barnehagen har me stort fokus på Sosial kompetanse. Å lære korleis ein skal opptre i lag med andre barn er viktig i vår kvardag. Me skal vera gode, snille, hjelpe og trøyste. At barna får ei forståing for korleis vi møter og opptre i

møte med andre, er viktig og legg grunnlaget for danning av det enkelte barnet. Erfaringar ein får tidleg i livet, betyr noko for seinare psykisk helse. Tidleg omsorg dreier seg mykje om å hjelpe barna med kjensler, møte dei der dei er og å hjelpe til med å setje ord på kjenslene. I løpet av ein barnehagedag møter me «eit hav» av kjensler. Me øver oss på å setje ord på dei og kva me kan gjere for at dei skal bli gode.

Barnehagedagen



«Barnehagen er en del av det samlede utdanningsløpet, og vi har et felles utdanningspolitisk mål at alle barn skal få et likeverdig og godt pedagogisk tilbud i barnehagen.

Barnehagedagen er en årlig markering der barnehagene åpner dørene for andre for å vise og synliggjøre barnehagens aktiviteter - der lek, læring, danning og omsorg er grunnleggende.» *Udf.no*

Barnehagedagen er i år den 12. mars, og temaet er barnehagen sitt arbeid med barn si undring og nysgjerrighet. Slagordet: «Eg lurar på ...». Ved å vera nysgjerrige, spørje, undre seg og utforske lærer barna om verda rundt seg. Gjennom lek, undring, utforsking og skapande aktivitetar skal barna utvikle kunnskap og ferdigheit innanfor ulike områder. Meir info om innhald på barnehagedagen, kjem på Mykid når det nærmar seg.

«Me lurar på...»

Me på Måne er inspirert av slagordet: «Eg lurar på...» som barnehagedagen har fokus på. Me vrir det om til «Me lurar på...», og både store og små undrar i lag på store og små ting som inngår i kvardagen. Me skal blant anna ha eit prosjekt som skal ende opp i ein sansevegg som skal vere ute på baksida. Her vil me undre, leike, eksperimentere, oppdage, telje, kjenne att, sortere og plassere. Me er nysgjerrige, stiller spørsmål og prøver å finne løysingar. Barna si undring og medverknad har stor plass.

« *Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrighet og motivasjon til problemløysing*». (Rammeplanen 2017 s. 53)

Påske

I år er påsken sein, og påskeaktivitetane startar me med i starten av april. Me lagar påskepynt på avdelinga, sår karse og barna lagar påskepynt dei kan ta med heim. Før påske inviterer me til den årlege påskefrukosten. Her skal spesielt kafé-gjengen vere med i førebuinga (entreprenørskap). Dei skal lage invitasjon til påskefrukosten, handle inn mat og pynte borda. Og alle barna er med og bakar rundstykkje. Barna får

kunnskap om kva som må til når ein inviterer til mat. Når det nærmar seg heng me opp invitasjonen på døra. Følg med

Vår

Etter kvart som våren nærmar seg, vil fokuset på nytt liv vera eit gjennomgåande tema. Vi tek fram vårsongane, ser på vårteikn i naturen som smeltande snø, fuglar, knoppar på trea og spirande blomster og gras.

Barna skal få oppleve at naturen vaknar til liv og oppleve gleda med og vera i naturen. Barna sår frø som dei skal passe på og vatne, og følgje med på kva som skjer.

Etter kvart skal me gjere i stand åkeren, slik at me i mai kan sette poteter og så frø til ulike typar grønsaker.

«Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.» (Rammeplanen 2017 s. 52)

Songar og regler

«Ein liten kylling i egget låg..» .
«På en grøn grøn bakketopp»
«Lille måltrost»
«Alle fuglar små dei er»
«Se min kjole..».
«Lille trille låg på hylle..». «Min hatt den har tre kantar..».
«Det satt to katter på eit bord..»
«Indianarsangen»
«Månen er so gul og rund»
«Reven var ein hønsetjuv»

Turar

Det vert planlagde og spontane turar med fokus på naturen og ulik fysisk aktivitet. Vi deler barna i mindre grupper, me går heile gruppa eller me grupperer oss på tvers av avdelingane. Turar i nærmiljøet, som ned til fjæra, Trudvang, Rutlin/Gammen, Ulvehaugen, Storhallen, Sjøkanten mm. Når vi er på tur vil vi òg ha fokus på sosial kompetanse. Me lærer å ta vare på kvarandre, halde i handa, hjelpe og støtte kvarandre i utfordrande terreng og ikkje minst skape gode opplevingar og ha det kjekt saman.

Sida me legg opp til spontane turar, kan det vere lurt at barna har med «turvennlege» matpakkar☺

Ny tilsett

Katinka gjekk ut i fødselspermisjon 1. mars, og i den samanheng har me fått Tove Renate Padlesak Hundershagen med på laget. Ho er utdanna barnehagelærer, og skal gå i stillinga som barnehagelærer so lenge Katinka er i permisjon.












Hugs:

- Sjekk korgene for skiftetøy som høver årstida
- Sjekk strikkar på dressar og regnkle
- Ta med våte kle heim
- Ta med kle ytterkle og sko/støvlar kvar fredag

Viss det er noko de lurar på, legg att ei melding på Mykid eller ring/sms oss på Måne på 48021132☺

Personalet

MÅNADSPLAN MARS

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
9					1. Vilde 6 år, hurra!! 
10	4. Aktivitet i grupper Me lurer på..	5. Mathea 6 år, hurra!! 	6. Aktivitet i grupper Me lurer på..	7. Tur 	8. Førskulegr. Varmmat
11	11. Akedag 	12. Bhg.dagen  «Eg lurer på..»	13. Aktivitet i grupper Me lurer på..	14. Tur «Me lurer på...» 	15. Førskulegr. Varmmat
12	18. Aktivitet i grupper Me lurer på..	19. Tur 	20. Aktivitet i grupper Me lurer på..	21. Tur 	22. Malene 5 år, Hurra!! 
13	25. Aktivitet i grupper Me lurer på..	26. Tur 	27. Aktivitet i grupper Me lurer på..	28. Tur 	29. Førskulegr. Varmmat

MÅNADSPLAN APRIL

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
14	1. Påske-aktivitetar 	2. Me sår karse	3. →	4. Tur 	5. Førskulegr. Varmmat
15	8. Påske-aktivitetar 	9. Bake rundstykkjer	10. → Leikegrupper	11. Påskefrukost	12. Førskulegr. Varmmat
16	15.	16.	17.	18.	19.
Påskeferie  Bhg er stengt					
17	22. 2. påskedag	23.	24. Ellen 5 år 22/4, Hurra!! 	25. Tur 	26. Førskulegr. Varmmat
18	29.	30.			

Evaluering av januar og februar, Sol og Stjerne

Vinter

I januar har me hatt mykje fin leik i snøen, når den endeleg kom. Me har aka på akebrett, laga snømann og studert snø og is. I leiken har me fått øve på turtaking, å vente, dele og me har øva mykje på å halde balansen på dette uvante underlaget. Elles har me hatt mange fine aktivitetar på Sol og Stjerne. Det har blitt laga vinterbileter, både i fellesskap og aleine, ein har laga vintergrein og snømenn som titta inn vindauga, men som sakte men sikkert forsvant. Me har undra oss mykje rundt fenomenet is. Istappar har fått komme inn, me har kjent på isen som er veldig kald og glatt, og at varmen frå hendene vår smeltar om isen til vatn. Me fraus figurar i bollar med vatn, dei hengte me utanfor vindauga. Etter kvart som isen smelta kom meir og meir av figuren fram, og plutselig ein morgon hang ikkje figuren der lenger, men den låg på bakken. Nettopp desse situasjonane skapar gode moglegheiter for samtale og undring saman med barna.

«gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover». R.pl s.52

Eventyr

I heile januar og delar av februar har me jobba med eventyr. Me har delt i grupper etter alder på tvers av Sol og Stjerne. Der de yngste og mellomste jobba med «Bukkane Bruse», og de eldste jobba med «Skinnvotten». Bakgrunnen for å velje «Skinnvotten» er at det er så mykje i det eventyret som omhandlar inkludering, venskap og mangfald, som er viktige punkt i satsingsområda våre, psykisk helse og inkluderande leikemiljø. «Bukkane Bruse» er eit kjent eventyr, som er enkelt for de yngste å forhalde seg til grunna den enkel oppbygginga.

I alle gruppene har me merka eit stort engasjement blant barna. Og dess meir ein fortalte og jobba med eventyret, dess meir auka engasjementet. Mykje handlar om det å bli van med å lytte. Ein starta enkelt med å fortelje og syngje eventyret, og etterkvart tilfører ein konkretar. Når ein har fortalt eventyret mange gonger, opplev ein at barna deltek ved å seie replikkar, eller er med å avslutte eventyret med «snipp, snapp, snute». Det å repetere og gjenta mange gonger skapar forutsigbarheit og tryggleik for dei yngste borna, og ein ser at når dei veit at trollet snart skal buldre «kven er det som trampar på mi bru», stig forventningane og spenninga, og dei frydar seg. For vaksne kan det å gjenta det same eventyret i mange veker verke kjedeleg

og einsformig, men for barna er det nettopp dette som er viktig. Dei eldste jobba òg mykje med kostyme og roller. Tildeling av roller blei gjort tidleg, barna fekk eit eigarforhold og me meiner dette gav auka motivasjon.

Det heile enda opp med ei framsyning for Måne. «Skinnvotten» blei dramatisert med kulissar og utkledding, barna imponerte alle og deltok med stor innleving.

At det me jobbar med gir næring til leiken og er språkstimulerande er det ingen tvil om. Fortsatt er dette noko som engasjerer barna, og me må stadig fortelje eventyra me jobba med. Eller ein ser at borna finn fram dyr, som går over golvet samstundes som dei seier med mørk røyst «kven er det som trampar på mi bru»?

Gul veke

Frå 12.-16.februar var det gul veke i barnehagen. Me har hatt fokus på fargane gul, oransje og raud, me har pynta avdelinga med desse fargane, og laga ei stor sol saman. Me har ete gul frukt, og veka vart avslutta me Solfest. Det starta med dramatisering av Kong Vinter og dronning Sol for heile barnehagen. Sol og Stjerne fortsatte festen på framsida, med musikk, rytmeinstrument, ballongar og måling. Kafègjengen på Måne hadde på førehand laga grove pizzabollar, som dei serverte til alle saman, maten åt me ute. Den ordentlige sola kom òg, og varma oss medan me åt. På ettermiddag var det «katta ut av sekken» med ein ny vri. Innhaldet i katta var leiker ein sjeldan brukar, til stor glede og det vart mykje fin leik.

I januar og februar har me feira fødselsdagane til Olivia 2 år, og Bjørk 1 år.

Plan for mars og april

Inkluderande leikemiljø

Me fortset å jobbe med tema inkluderande leikemiljø. Me vil dele barna i mindre grupper for å få betre ro og at barna får færre å forholde seg til i leiken. Lettare for barna og kommunisere og finne noko felles å leike med. For å skapa eit inkluderande leikemiljø vil me bruke sosial kompetanse som verktøy. Det å tileigne seg sosial ferdigheiter for å kunne samhandle positivt med kvarandre.

«Å vera sosial kompetent vil seia og både kunne ta omsyn til andre og ha evne til sjølvhevdning. Denne kompetansen må lærast gjennom samvær både med vaksne og barn», (Kommunikasjon og samhandling, Toft mfl.).

I gruppene vil me ha fokus på prososial åtferd og sjølvhevding. Prososial åtferd er positive handlingar som å gi ros, vera vennleg, dele med andre, hjelpe og inkludere andre. Sjølvhevding er å kunne hevde seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte, utan at det går ut over andre. Det er blant anna å kunne ta initiativ til leik og bli med i leik og aktivitetar. Her er det òg viktig å ha fokus på glede og humor. Det å kunne la seg rive med, ha det moro og skape gode opplevingar saman. Viktig at me vaksne skapar eit trygt leikemiljø der barna får oppleve å ha det kjekt og mestre leiken. Og at me gir tilbakemelding på det positive me ser i leiken. Når barna opplever at det dei gjer er positivt vil dei som regel bli motiverte til å gjere meir av det.

«personalet skal støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg».

«Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring»
Rammeplanen 2017, s.19

Mengd, rom og form

Me er i gang med mars, då er «mengd, rom og form» tema. I tida framover er det dette fagområdet, sammen med vår og påske som er i fokus. Det står i rammeplanen: Me skal bruke matematiske omgrep aktivt i kvardagen, bruke oss sjølve i arbeidet med rom, er eg over stolen, inni eska, under bordet og liknande. Me vil bruke både dei formelle og uformelle leikesituasjonane til dette arbeidet. Me skal klippe, lime, måle, sortere, syngje og leike oss gjennom temaet. Me tek utgangspunkt i formene sirkel, trekant og firkant, og vil utforske kvar me kan finne dei rundt oss, både inne og ute i barnehagen, dei eldste på Sol og Stjerne vil òg leite i nærmiljøet. I samling vil me ha med ei dokke, på Stjerne heiter ho Kari og på Sol Anna. Ho har trekanta kjolar i ulike fargar, som me då syng om.

«Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling»

Vår og påske

Våren kjem sakte men sikkert snikande, og med det òg påske. Med det kjem me ikkje utanom endringane i naturen og fokuset på nytt liv. Me ser på vårteikn i naturen rundt oss, snøen som smeltar, knoppene på trea, fuglane som kjem tilbake, og gras og

blomar som spirer. I desse gjennomgåande temaene er det naturleg at fagområda natur, miljø og teknologi, og etikk, religion og filosofi står sentralt. Rammeplanen seier at «*barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring*». Me skal gå på tur i nærmiljøet, og undre oss saman med barna om ting som skjer i naturen om våren.

I veke 14 vil me byrje med påskeaktivitetar. Me skal så karse i fellesskap, ha formingsaktivitetar knytt til vår og påske, og synge singlar om våren. Me vil som alltid invitere til påskefrukost for born, føresette og personal. Dato for denne er 11.april

Singar me syng mykje dei neste to månadane:

«Min hatt den har 3 kanter»

«Sjå min kjole»

«Ein liten kylling i egget låg»

«Lille trille låg på hylle»

«Liten kylling sat på eit hønsetak»

«Det sat to kattar på eit bord»

«På ein grøn, grøn bakketopp»

«Månen er så gul og rund»


«Lille måltrost»

«Fløy ein liten blåfugl»

«Alle fuglar små dei er»

«Lerka»


Former me snakkar om:



Trekant










Firkant








Sirkel

MARS 2019 SOL OG STJERNE

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Veke 9	25 Praksisstart for 2blu Student, Helene skal vere på Sol	26	27	28	1 Varmmat: Lapskaus
Veke 10 Tema: Mengd, rom og form	4 Fysisk aktivitet, aldersdelte grupper	5 Aktivitatar knytt til tema 	6 Helene har leiardag (gjeld Sol) 	7 Avd.møte Sol	8 Varmmat: Kyllingskinke, fullkornspasta og grønsaker
Veke 11 Tema: Mengd, rom og form	11 Akedag for borna som er fødde i 2016. Helene har leiardag	12 Barnehagedagen «eg lurar på..»	13  Helene har leiardag	14 Aktivitatar knytt til tema Avd.møte Stjerne	15 Varmmat: Fiskekaker, fullkornspasta og grønsaker
Veke 12 Tema: Mengd, rom og form/vår	18 Fysisk aktivitet, aldersdelte grupper	19 Aktivitatar knytt til tema 	20 	21 Aktivitatar knytt til tema Avd.møte Sol	22 Varmmat: Havregraut
Veke 13 Tema: Mengd, rom og form/vår	25 Fysisk aktivitet, aldersdelte grupper	26 Aktivitatar knytt til tema 	27	28 Aktivitatar knytt til tema Avd.møte Stjerne	29 Feire Amund 2år (31.3)  Varmmat Lapskaus Siste praksisdag for Helene

APRIL 2019 SOL OG STJERNE

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Veke 14 Tema: Vår og påske	1 Fysisk aktivitet, aldersdelte grupper	2 Aktiviteter knytt til tema 	3	4 Aktiviteter knytt til tema Avd.møte Sol	5 Varmmat: Kyllingskinke, fullkornspasta og grønnsaker
Veke 15 Tema: Vår og påske	8 Fysisk aktivitet, aldersdelte grupper 	9 Aktiviteter knytt til tema	10 	11 Påskefrukost Aktiviteter knytt til tema Avd.møte Stjerne	12 Varmmat:  God påske
Veke 16	15 Barnehagen er stengt	16	17	18 Skjærtorsdag	19 Langfredag
Veke 17 Tema: Vår	22 2.påskedag Bhg er stengt	23 Aktiviteter knytt til tema	24 	25 Aktiviteter knytt til tema Avd.møte Stjerne	26 Varmmat: Lapskaus
Veke 18 Tema: Vår	29 Fysisk aktivitet, aldersdelte grupper	30 Aktiviteter knytt til tema			

Sjå òg vekeplan for eventuelle endringar, heng på døra inn til avdelingane ☺

sammen

Studentsamskipnaden på Vestlandet
Parkveien 1, 5007 Bergen
www.sammen.no